

# Sykehuskirken, preste– og samtaletjenesten

## KIRKEN

Sykehuskirken finner du i 1.etg. ved heisen i det gamle sykehusbygget. Fra Nye Haraldsplass finner du veien til kirken ved å ta heisen til 2. etg., gå over "broen" og ta heis eller trapp ned til 1. etg. Kirkerommet er alltid åpent, og du kan tenne et lys eller bare ha en stille stund for deg selv. Trenger du assistanse for å komme til kirken vil personalet eller frivillige følge deg dit.

Det er gudstjeneste med nattverd kl 11:00 de fleste søndager. Dersom du ønsker nattverd på rommet, sier du fra til personalet som formidler beskjed til presten.

## SAMTALER OG SJELESORG

**Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon.** Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon. Presten har selv sagt taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 2000. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

Hilsen sykehusprestene

Karl Hjelmeland , John Kristian Rolfsnes og Kristin Lødøen Hope



**Haraldsplass**  
Diakonale sykehus

**i**

Vil du ha mer informasjon  
eller trenger du å snakke med oss?

Tlf: 922 07 527  
[www.haraldsplass.no](http://www.haraldsplass.no)  
Søk :prestetjenester

# Søndagshelsing

**10.01.2021**

## **2. søndag i openberringstida**



**Det er for tiden ikke gudstjenester i  
Sykehuskirken på Haraldsplass!**

**Mange lokale kirker og kirkesamfunn har  
digitale gudstjeneste sendinger som kan  
streames på nett.**

### 3. søndag i openberringstida 2021

Tekst: Mark 1, 3-11

3 *Ei røyst ropar i øydemarka:*

*Rydd Herrens veg,  
gjer stigane hans rette!*

4 Slik stod døyparen Johannes fram i øydemarka.

Han forkynte ein omvendingsdåp som gav tilgjeving for syndene. 5 Frå heile Judea og Jerusalem drog alle ut til han. Dei sanna syndene sine og vart døypte av han i Jordanelva. 6 Johannes gjekk i ei kappe av kamelhår og hadde eit lêrbelte om livet, og han levde av grashopper og villhonning. 7 Han forkynte: «Det kjem ein etter meg som er sterkare enn eg, og eg er ikkje verdig til å bøya meg ned og løysa sandalreima hans. 8 Eg har døypt dykk med vatn, men han skal døypa dykk med Den heilage ande.» 9 På

den tida kom Jesus frå Nasaret i Galilea og vart døypt av Johannes i Jordan. 10 Straks han steig opp av vatnet, såg han himmelen dela seg, og han såg Anden dala ned over seg som ei due. 11 Og det kom ei røyst frå himmelen: «Du er Son min, som eg elskar, i deg har eg mi glede.»



### «Same, same, but different!»

I mi tid i Singapore høyrde eg ofte dette sagt når eg var ute for å gjere innkjøp. Det er samme tingen, bare litt annleis... Hm, ikkje alltid lett å vite kva ein eigentleg får. Ser likt ut, men likevel er det forskjell.

Slik var det også med Jesus- og Johannesdåpen. Jesus og Johannes døypte på samme måte. På den tida var det vanleg med full neddyking som symbol at alle syndene vart vaska vekk. Johannes gjennomførte ein omvendingsdåp som gav tilgjeving for syndene, slik vi får det forklart i teksten. I det Jesus vart døypt, fekk dåpen ein ny dimensjon. Dåpen formidla Den heilage ande. Det fortel oss kven Jesus er. Dei som vart døypte av Jesus, fekk det samme som dei som vart døypte av Johannes, men sjølv om dåpen såg lik ut, fekk dei noko meir. Jesus-dåpen gav menneske del i Den heilage ande.

Denne dåpen gav Jesus oss i oppdrag å gi vidare. «Gå difor og gjer alle folk til læresveinar. Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande...» seier Jesus i Matt 28, 18-19. Gjennom dåpen blir vi fødde på ny av vatn og ande. «Den som blir døypt, blir reist opp til det nye livet med Jesus Kristus, vår Herre» heiter det i dåpsliturgien i kyrkja vår. Den som blir døypt *er* den samme som før dåpen, men samtidig er hen ein ny skapning i Kristus.

Igjen kan vi seie: "Same, same – but different".

God søndag!

Kristin Lødøen Hope, sjukehusprest